



...  
Sveio kommune

5520 SVEIO  
...

sjekk - 699 1-1-1  
1997.450T

## SVEIO KOMMUNE, FØRDE VASSVERK. UTSLEPP FRÅ VASSREINSEANLEGG

Fylkesmannen syner til Dykkar søknad dagsett 29.08.97, 20.10.97 og fax frå Interconsult datert 27.11.97.

Viodd AS har på vegne av Sveio kommune fremja søknad om utsleppsløyve for avløpsvatn frå nytt reinseanlegg ved Førde Vassverk. Reinseprosessen for vatnet er membranfiltrering og alkalisk kontaktbasseng. Anlegget har ein reintvasskapasitet på 1400 m<sup>3</sup>/d med utvidingspotensiale til 1700 m<sup>3</sup>/d.

Søknaden omfattar følgjande utslepp:

- Konsentrat frå membranfilter. Inntil 730 m<sup>3</sup>/d over 23 h/d.
- Skyllvatn frå membranfilter. Ca. 3 m<sup>3</sup>/d over ca. 10 min.
- Vaskevatt frå membranfilter. Ca. 3 m<sup>3</sup>/år over ca 1,5 - 2 min.
- Spylevatn frå 3 stk alkaliske kontaktbasseng. Maksimalt 75 m<sup>3</sup>/h i 2 min frå kvart basseng ved kvar spyling, normalt ein til to gonger kvart år.

Søknaden har vore utlagt til allment ettersyn på teknisk etat i 3 veker. Det er kome inn merknader frå Lier grunneigarlag.

### Løyve

I medhald av § 11, jf § 16 i Lov om vern mot forurensning og om avfall av 13.03.81 nr. 6 med endringer (forurensingslova) gjev fylkesmannen i Hordaland Sveio kommune løyve til utslepp av avløpsvatn frå nytt vassreinseanlegg med membranfiltrering og alkalisk kontaktbasseng ved Førde vassverk.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

#### 1. Spesielle vilkår

- 1.1 Kontinuerleg avløp frå prosessen kan førast til bekken ut av Joavatnet og som vert leda vidare ned til Liervatnet før utløp til Ålfjorden.
- 1.2 Skyllvatn frå membranfilteret (avløp ein gong pr døgn) skal samlast opp i ein fordrøyningstank ved anlegget. Frå denne tanken skal avløpsvatnet doserast inn på avløpsleidingen i samsvar med fax datert 27.11.97 frå Interconsult før utslepp til bekken, enten ved sjølvfall eller ved pumping. Det vert ikkje tillate med utslepp av fritt klor.

- 1.3 Vaskevatt frå membranfilter (avløp ein gong pr år) må samlast opp og kjørast til godkjent stad for vidare handtering.
- 1.4 Spylevatt frå 3 stk alkaliske kontaktbasseng (normalt ein til to gonger pr år) kan førast til utslepp i Joavatnet.
- 1.5 Det skal utarbeidast driftsinstruks og førast driftsjournal for anlegget, inklusive konsentrat frå skylle-og vaskevassbehandlingen.
- 1.6 Det skal vere kontinuerleg registrering av behandla vassmengde og konsentratsvassmengde.
- 1.7 Overføringsleidning, oppsamlings- og utjevningsanlegg og måleutstyr skal vere driftsklart, inklusive driftsinstruks før vassbehandlingsanlegget vert teke i bruk.
- 1.8 Etter eit års drift skal Sveio kommune sørge for at det vert utført ei estetisk vurdering og biologisk gransking av begroing og bunndyr i bekken oppstrøms og nedstrøms konsentratutsleppet. Granskinga skal utførast av fagkyndig personell. Resultat av granskinga skal sendast til fylkesmannen innan **01.01.2000**.
- 1.9 I medhald av forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) av 06.12.1996 pliktar kommunen å ha eit internkontrollsystem som skal sikra at blant anna krava i dette løyve vert stetta.

## **2. Generelle vilkår**

- 2.1 Dersom det oppstår fare for forureinsing i strid med forureinsingslova eller dette løyve, pliktar Sveio kommune å syte for tiltak for å hindre at det ikkje skjer forureinsing, jf § 7 i forureinsingslova.
- 2.2 Løyve til utslepp fritak ikkje frå erstatningsansvar etter vanlege erstatningsreglar, jf kap 8 i forureinsingslova.
- 2.3 Avvik frå dei gjevne krava i løyve skal så snart som råd er, varslast til forureinsingsstyrmaktene, jf § 49 i forureinsingslova.
- 2.4 Ved akutt forureinsing skal næraste politimyndighet og forureinsingsstyrmaktene straks varslast, jf §§ 38 og 39 i forureinsingslova.
- 2.5 Dersom utsleppa medfører uforutsette miljølemper for resipienten, kan forureinsingsstyrmaktene påleggje kommunen å foreta nødvendige endringar av drifta av anlegget, eventuelt stanse heile drifta eller delar av denne for kortare eller lengre tid.
- 2.6 I medhald av § 18 i forureinsingslova, kan fylkesmannen oppheve eller setje nye vilkår i dette løyve, eller gje nye på legg. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle løyvet tilbake dersom vilkåra i § 18 i forureinsingslova er tilstades.
- 2.7 Sveio kommune pliktar å la representantar for forureinsingsstyrmaktene eller dei etater og institusjonar desse gjer fullmakt til, inspisere verksemda til ei kvar tid, jf § 50 i forureinsingslova.

- 2.8 Forureinsingsstyrmaktene kan fastsette forureinsingsgebyr for å sikre at vilkåra i løyve vert halde. Brot på vilkåra i løyvet er straffbart, jf kapittel 10 i forureinsingslova.

### **Grunngjeving for avgjerda**

I tillegg til at det er eit oppdrettsanlegg for laksesmoltproduksjon i Liarvatnet, er det relativt store villfiskinteresser knytt til vassdraget. Dette gjeld særleg røye- og ørretfiske i Liarvatnet, samt sjørøttfiske i utløpselva ned mot sjøen. Vi er kjent med at det foregår gyting av ørret i bekken mellom Joavatnet og Liarvatnet. Uten at vi kan stadfeste dette, vert det hevda frå grunneigarar at dette er ein av dei viktigaste gytebekkene for ørretbestanden i Joavatnet.

Omsynet til villfisk- og oppdrettsinteressene i vassdraget gjer at vi er skeptiske til utslepp. Særleg er det biologiske liv i bekken utsett, ettersom stoffa i utsleppsvatnet vil opptre meir konsentrert der enn i utynna form i frie vassmassar. Dei livsstadiene av fisk som held seg i og ved bekken er og dei som er mest følsomme for kjemisk påverknad, blant anna på grunn av lav mobilitet.

Når det gjeld det kontinuerlege utsleppet frå prosessen, konsentrat frå membranfilter, burde dette ideelt sett vert sleppt ut i frie vassmassar for uttynning, og ikkje i bekken som omsøkt. Alternativt kan ein tenkje seg at det vert sleppt ut i bekken mellom Joavatnet og Liarvatnet, men at det vert sleppt ei minstevassføring frå Joavatnet som vil fungere som uttynning av utsleppet. Dette bør evaluerast etter eit års drift. Dersom utsleppet fører til tilslamming eller sterk misfarging av bekken, bør utsleppsleidningen vidareførast til minst 20 meters djup i Liarvatnet. I følgje djupnekart i Rådgivende Biologer sin rapport nr. 77 vil dette føre med seg ei forlenging av utsleppsleidningen med ca. 30%.

Når det gjeld skyllevatnet frå membranfilteret som vert sleppt ut ein gong pr døgn er vi noko i tvil om den biologiske verknaden av desse stoffa. Innhaldet av skyllevatnet er i hovudsak nærings salt. Fylkesmannen har sett krav om at dette vatnet skal samlast opp og fordrøyast i ein tank ved anlegget. I følgje Interconsult kan ein få fordelt skyllevatnet over ein periode på opp mot 20 timar, og ein vil då få ein avløpsmengde på ca 3 l/min. Ved ein reintvassproduksjon ved anlegget på ca 10 l/s vil dette gje ei fortytning av skyllevatnet på ca 50:1. Med denne fortytninga finn fylkesmannen å kunne akseptere utslepp av skyllevatnet til bekken.

Det er sett krav om at vaskevatnet frå membranfilteret skal samlast opp og handterast på eigna stad. Dette avløpsvatnet inneheld stoff som utvilsomt vil kunne påvirke det biologiske liv negativt.

Spylevatnet frå dei alkaliske kontaktbassenga vert vurdert for å vere uproblematisk. I Joavatnet vil effekten, dersom noko i det heile tatt, bli positiv på den framskredne forsuringen som denne innsjøen lir av.

Fylkesmannen er av den oppfatning at med dei vilkåra som er sett i løyvet, vil ivareta dei interessene som er knytte til bekken/resipienten.

## **Klage**

Løyvet kan påklagast til Statens forurensningstilsyn innan 3 veker etter at melding om avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal vere skriftleg og sendast via fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

John Olav Hisdal e.f.  
fung. seksjonsleiar

Sissel Storebø  
avd.ing.

### **Kopi til:**

Interconsult , Postboks 2027, 5501 HAUGESUND  
Liervassdraget Grunneigarlag, v/Knut Skarstein Skre, 5540 FØRDESJØEN  
Næringsmiddeltilsynet Haugaland, Postboks 1210, 5542 KARMSUND  
VIODD AS, Kilgata 33B, 3217 SANDEFJORD